

## REFERAT FRÅ PROGRAMRÅDSMØTE, PSYKOLOGISK INSTITUTT

Dato: 18.04.2023

Stad: Møterom N202

Tid: Kl. 12.15-14.00

**Til stades:** Pål Ulleberg, Inger Selvaag, Kristin Gustavsson, Pernille Stokmo, Charlie Dina Dickhausen, Ole Andre Solbakken, Jostein Eikrem Koløen, Vibeke Moe.

**Fråfall:** Ylva Østby Berger

### SAKSLISTE:

<b>O-sak 06/23</b>	<b>Orienteringar</b>  Utdanningsleiar orienterte om <ul style="list-style-type: none"><li>- Oppstart av nytt emne «Ledelse og gruppedynamikk» på 6. semester våren 2024 for å svare på måla i RETHOS. Det vart diskutert om emnet skulle skalerast til 5 studiepoeng eller 10 studiepoeng. Programrådet bad om en vurdering av eventuelle ulemper og moglegheit for å opprette nytt valbart emne på 5 studiepoeng for profesjonsprogrammet.</li><li>- Status for periodisk programevaluering. Institusjonsbesøk frå ekstern komité er planlagt 16. mai for profesjonsprogrammet og 26. mai for årseining, bachelor- og masterprogrammet.</li></ul>
<b>O-sak 07/23</b>	<b>Nytt frå læringskontaktane ved PSI</b>  Denne orienteringssaka gjekk ut og blir tatt opp på ny neste programrådsmøte.
<b>O-sak 08/23</b>	<b>Status for arbeid med desentralisert studiemodell</b>  Utdanningsleiar informerte om arbeid med desentralisert studiemodell for dei siste åra av profesjonsprogrammet i psykologi.
<b>D-sak 8/23</b>	<b>Valbare emne studieåret 23/24</b> Programrådet diskuterte innhaldet i <a href="#">V-sak 5/2019</a> og <a href="#">V-sak 15/22</a> .  Programrådet bad om ein gjennomgang av valbare emner for profesjonsprogrammet i psykologi. Fagavdelingane fekk i oppgåve å sjå gjennom emneporteføljen. Målet blir at dei valbare emna skal ha liten grad av overlapp mot kvarandre og mot det faste innhaldet i profesjonsprogrammet.  Målet er å vedta valbare emne for profesjonsprogrammet og bachelorprogrammet for hausten 2023 på neste programrådsmøte. Nominering

	<p>av valbare emne for våren 2024 blir tatt opp på eit programrådsmøte hausten 2023.</p> <p>Vidare diskuterte programrådet om vi skal tilby egne valbare emne for profesjonsprogrammet, ressursbruken på ulike emnekategoriar på alle program og kva som skal definerast som ei nedre grense for avlysing ved låg påmelding. I påvente av ekstern programevaluering på alle våre program blir desse spørsmåla utsett til over sommaren.</p> <p>Programrådet bad om at denne diskusjonen blir tatt opp når programevalueringa er slutført, slik at desse prosessane saman kan danne grunnlag for ei vedtakssak i løpet av hausten 2023.</p>
<b>Eventuelt</b>	<p><b>Bytte av dato for programrådsmøte i mai</b></p> <p>Programrådet vart einige om å flytte neste programrådsmøte til 30. mai.</p>

Vibeke Moe  
Utdanningsleiar

Jostein Eikrem Koløen  
Adm. Studieleiar